Førsteblad

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Emnenr. 8 | Fylke: Østfold
Tilleggsspørsmålnr. | Herad: Hof
Emne: Beit og brom | Bygdelag:
Oppskr. av: Andreas Ropeid | Gard:
(adresse): | G.nr. Br.nr.

A. Merk av om oppskrifta er etter eiga røynsle.

B. Eller om den er etter andre heimelsmenn: (ta også med alder, heimstad, yrke):

O. M. Tormodsrud pr. Sundbyfoss, f. 1878 i Hof. Likningssekretær og bonde.

SVAR

1. Det var svært vanlig med slikt fôr om våren før, ytterst sjeldan om hardvinteren.
Ein kalla det ris.

2. Dei hadde ikkje noko serskilt namn på arbeidet. Det vanlege var å slepekjøre det heim.

3. Det var om våren, ytterst sjeldan på hardvinteren. Ein hogg ned heile tre, og det som ikkje vart nytta til fôr, vart brukt til ved. Men ein tok aldri ris-fôr av den vanlege veden ein tok heim.

4. Ein hogg treet med øks, og tok av kvisten med „rösse-sigd" eller „kniv", ein reidskap som liknar på lauvkniven og som dei nytta til å „rösse" granbar med til ved.

5. Det var kua og sauen som fekk riset.
Dei fekk det som det var, kunne vera så tjukt som ein blyant.

6. Det kunne nok hende at sauen fekk gå og gnaga kvist og tre på tunet, men det var meir brukt å la sauene gå i skogen om vinteren og gnaga borken av trea o.d. Det var serleg på ette-vinteren. Det har vore lite av dette dei siste 50-60

9602

åro
7. Tilljent.

Elles vor det ikkje uvanleg å gje granbar til kua i naudår. Ein tok dei ytste greinene, litt spearare enn ein blyant. Det matte liggja i vatn i 3-4 dogor, då flaut kvaen opp. Granbaret fekk kua einaste.

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

9602